



Statsforvalteren i Rogaland

Jobbnorge ID: 277169

Deadline: 3/31/2025

Website: <http://www.statsforvalteren.no/Rogaland/>

Scope: Fulltime

Duration: Temporary

Ønskjer du å jobbe for gode og trygge helse- og omsorgstenester til innbyggjarane i Rogaland?

Assisterande fylkeslege - vikariat

Om stillinga

Statsforvaltaren si helse-, sosial- og barnevernsavdeling har til oppgåve å sakshandsame enkeltsaker og utføre tilsyn med kommunar, føretak og institusjonar. Avdelinga skal gi råd og rettleiing, drive utviklingsarbeid og opplæring samt gjennomføre nasjonale mål. Vi jobbar på oppdrag frå mellom anna Helsedirektoratet og Statens Helsetilsyn.

Helse-, sosial- og barnevernsavdelinga har ledig eit 1 års vikariat som assisterande fylkeslege.

Arbeidsoppgåver

Aktuelle arbeidsoppgåver er å

- sakshandsame klage- og tilsynssaker
- gi informasjon og rettleiing til helsepersonell og helsetenestene i fylket

Kvalifikasjonskrav

Vi ønskjer oss ein dyktig lege som

- har medisinsk embetseksamen og norsk autorisasjon som lege
- har godkjent spesialitet i eit klinisk fag eller samfunnsmedisin, søkarar utan ferdig spesialistgodkjenning kan og søkje
- har god kjennskap til norsk helsevesen
- forskningserfaring er ein fordel

Personlege eigenskapar:

- du har gode samarbeidsevner og god relasjonell kompetanse
- du kan arbeide sjølvstendig, ta initiativ, er løysningsorientert og har god gjennomføringsevne
- du er strukturert og nøyaktig i arbeidet ditt

Personlege eigenskapar blir vektlagt.

Vi tilbyr

- lønn som assisterande fylkeslege, kr 890 000 - 1 090 000 pr år, avhengig av kvalifikasjonar og erfaring. For særleg godt kvalifiserte kan høgare lønn vurderast
- fleksibel arbeidstid og statleg avtaleverk
- god pensjonsordning (det blir trekt 2% pensjonsinnskot frå lønna) gruppelivsforsikring og moglegheit for bustadlån gjennom Statens pensjonskasse
- gode høve til fagleg utvikling og til å utvikle fagleg nettverk
- nødvendig opplæring og rom for kompetanseutvikling
- varierte, interessante og viktige oppgåver
- triveleg arbeidsmiljø i Statens Hus sentralt i Stavanger
- HjemJobbHjem-ordning

Det er 6 månaders prøvetid i stillinga.

Statsforvaltaren jobbar med mange sider av livet og samfunnet. Derfor meiner vi at inkludering og mangfald er ein styrke. Vi ønskjer medarbeidarar med ulik kompetanse, fagkombinasjonar, livserfaring og perspektiv for å sikre ei endå betre oppgåveløysing. Så langt som mogleg legg vi til rette for medarbeidarar som har behov for det. Dersom det er kvalifiserte søkjarar med funksjonsnedsetjing, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn, blir minst éin søkjar innkalla til intervju. For å bli vurdert som søkjar i desse gruppene, må søkjarane oppfylle visse krav og det må kryssast av i søknaden.

Andre opplysningar

Alle som søker stillinga, må søke digitalt gjennom rekrutteringsportalen Jobbnorge. Du må laste opp relevante vitnemål og attester. Vitnemål og/eller karakterutskrifter hentar du frå vitnemålsportalen i Jobbnorge. Har du utdanning frå utlandet legg du ved godkjenning frå NOKUT. Vi gjer merksam på at søknaden kun blir vurdert ut frå informasjonen som føreligger ved søknadsfristens utløp. Det er viktig at du viser korleis din kompetanse fyller kriteriene som er beskrivne i annonsen. Offentleg søkerliste utarbeidast etter søknadsfristens utløp. Dersom du ønskjer å reservere deg frå oppføring på offentlig søkerliste må dette grunngjevast. Du vil få varsel om reservasjon ikkje tas til følge.

Om Statsforvaltaren i Rogaland

Statsforvaltaren har eit særleg ansvar for å følgje opp berekraftmåla på fagområda våre, og skal som ein del av arbeidet vårt formidle relevant kunnskap til andre aktørar i regionen.

Statsforvaltaren er Kongen og regjeringa sin representant i fylket og skal arbeide for at Stortinget og regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer blir følgde opp i Rogaland. Oppgåvene er i hovudsak rettleiing, tilsyn og klagebehandling, som er retta mot enkeltpersonar, kommunar og bedrifter. Statsforvaltaren skal medverke til å samordne, forenkle og effektivisere statlege verksemder i fylket. Statsforvaltaren har oppgåver innan fagområda miljøvern, landbruk, utdanning, helse, beredskap, sosial- og familierett, verjemål, kommuneøkonomi og planlegging. Embetet har ca. 200 tilsette.

Additional information

Contact persons:

- Andres Neset, fylkeslege
Phone: +47 414 46 943 | E-mail: andres.neset@statsforvalteren.no
- Marit Bergeland, assisterende direktør
Phone: +47 954 67 965 | E-mail: marit.bergeland@statsforvalteren.no

Place of service:

Lagårdsveien 44, Stavanger 4010 Stavanger (Stavanger Municipality)